

Bønder interessert i å koma på nett

06.01.2014



Tore Eik på landbrukskontoret slår fast at det er interesse blant bøndene for å koma på nett men han har i dag ikkje oversikt over kor mange som har meldt seg til kveldskurset onsdag klokka 18 i kommunestyresalen. Men Uskedalen er representert og det er framleis høve til å melda seg på. Ein finn all nødvendig infomasjon på kommunesida på nettet.

Eik har registrert ein viss reaksjon på at kuset startar klokka 18
- det er ikkje noko ideelt tidspunkt for ein bonde med kyr,
- Det problemet må vi løysa på eit eller anna vis, lovar Eik.

Kommunens ansvarlege for opplegget slår fast at landbruket i kommunen med aktiv bruk av internett kan verta meir synleg for kundar og samfunnet ellers samstundes som bøndene kan styrkja samarbeidet seg imellom.

Det er Lars Johanson frå Bergen som held kurset. Han er leiar for Bergenskontoret til Synlighet. Kurset heiter Digital marknadsstrategi med vekt på Facebook. Kommunen har sett opp ei felles side for bønder og organisasjonar og også ei lukka guppe for lokale bønder.

Av Ola Matti Mathisen